



Teknisk drift
Besøksadresse:
Telefon: 5637 5000 Telefaks 5637 5001
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø
E-post: postmottak@lindas.kommune.no
Heimeside: www.lindas.kommune.no
Kartside: www.nordhordlandskart.no
Org.nr: 935 084 733 Bank: 6501.06.91790

Safari Knarvik v/ Tormod Vassel

Kvernhusmyrane 7A
5914 ISDALSTØ

Dykkar ref. Sakshandsamar:
Linda Folkestad

Vår ref. Telefon
2009/176 - 0 - 56375170
21803/2010

Arkivkode: Dato:
188/763 14.09.2010

Fettutskiljar - Safari Knarvik senter, Gbnr. 188/763.

Syner til søknad vedrørende påkopling av fettutskiljar til kommunalt leidningsnett.

Rørleggarfirma Chr. M. Vestrheim AS har valt ei størrelse NS 4 for fettutskiljar for Safari Knarvik ut frå følgjande berekningsgrunnlag:

$$NS = Q_s \times f_t \times f_r$$

Q_s = maksimal dimensjonerende vannføring l/s

f_t = temperaturfaktor inn på fettutskiller

$$f_t = 1,5 \text{ ved } 30\text{-}60 \text{ }^\circ\text{C}$$

f_r = faktor som korrigerer for bruk av vaskemidler

$$f_r = 1,3 \text{ ved } 0\text{-}0,75 \text{ kg vaskemidler pr m}^3$$

Maksimal vannførings faktor [F] og avløpsmengde pr. produsert varmrett [Vm] for storkjøkken settes til henholdsvis $F = 22$ og $V_m = 10$ liter pr. varmrett.

Åpningstiden for Safari Knarvik er fra kl. 09⁰⁰ til kl. 22⁰⁰ på hverdager.

Varmmatproduksjonen settes til 300 varmmetter pr. dag som i hovedsak produseres i to mindre konveksjonsovner.

Dette gir:

$$\text{Avløpsmengde pr. dag } V = 300 \times 10 = 3000 \text{ l/s}$$

$$\text{Maks. dim. vannføring } Q_s = \frac{V \times F}{h \times 3600} = \frac{3000 \times 22}{13 \times 3600} = 1,41 \text{ l/s}$$

$$\text{Nominell størrelse } NS = 1,41 \frac{\text{l}}{\text{s}} \times 1,5 \times 1,3 = 2,75$$

En fettutskiller NS = 3 kunne vært valgt, men anbefalt minimumsstørrelse NS = 4 velges i stedet.

Generell temperatur på avlaupsvatn, ut frå fettutskiljar, er om lag 30° C. På grunnlag av temperaturen på avlaupsvatnet må opphaldstida i utskiljaranlegg aukast for at feitt skal skiljast ut. Lindås kommune har den 02.02.2006 vedteke at minste tilletne størrelse på fettutskiljar i kommunen er NS 4.



Verksemda er ansvarleg for at utskiljar som nyttast i produksjon er dimensjonert i forhold til maksimal reel belastning som kan førekomme. Talet på tømningar av utskiljar vil variere frå verksemd til verksemd med omsyn på produksjon og utskiljaranlegget sin størrelse.

Teknisk drift gjev løyve til påkopling av fettutskiljar, med størrelse NS 4, til kommunalt leidningsnett på følgjande vilkår:

- Verksemda er ansvarleg for at fettutskiljar tømmast regelmessig slik at fetthaldig avlaupsvatn ikkje vert leia ut på kommunalt nett. Tømming skal skje før feittlaget utgjer 25% av volumet i tanken. Verksemda er sjølv ansvarleg for å tilpasse tømmeffrekvens til produksjon og utskiljaranlegget sin størrelse. Normalt vil ein tømmeffrekvens på 3-12 gonger i året være tilstrekkeleg. Minstekrav til tømming er, i Lindås kommune, 3 gonger i året.
- Verksemda skal sørge for at, til ein kvar tid gjeldande, regelverk vert fylgt.
- Verksemda skal kvart år sende inn rapport om når utskiljar vart tømt, kven som utførde tømminga, kor mykje som vart tømt. Verksemda skal også ein gong i året sende inn dokumentasjon på at det er utført vedlikehald av utskiljaranlegget.
- Regelmessig tømming og reingjering er avgjerande for effekten på fettutskiljaren. Det er derfor viktig at verksemda fører kontroll med utskiljaranlegget og har gode tømmerutinar
- Det skal berre nyttast godkjente vaskemidlar. Kommunen forventar at verksemda går i dialog med kjemikalieleverandør, eventuelt anna kompetanse på området, for å optimalisere kjemikaliebruken med tanke på lågare fett utslipp/påslipp. Nokre av vaskekjemikaliane kan redusere reinsefunksjonen til utskiljaranlegget. Det følgjer eigne retningslinjer om dette.
- Dersom det vert endringar i produksjonen ved verksemda skal kommunen ha melding om dette. Med denne meldinga skal det leggast ved nytt berekningsgrunnlag og beskriving av tømmerutinane (inklusiv tømmeavtale) ved verksemda. Kommunen vil, på grunnlag av dei nye opplysningane, vurdere om det er behov for større fettutskiljar eller hyppigare tømming.
- Det skal til ein kvar tid ligge føre godkjent tømmeavtale mellom verksemda og tømmefirma. Kopi av avtale skal sendast til kommunen.

Det med heimel i forureiningslova (LOV 1981-03-13 nr.06 Lov om vern mot forureining og om avfall), forskrift om avgrensing av forureining (FOR-2004-06-01 nr. 931) og lokal forskrift for Lindås kommune (2006) at teknisk drift sett krav til utskiljaranlegg som koplast på kommunalt leidningsnett.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

for

einingsleiar teknisk drift

Linda Folkestad
saksbehandlar teknisk drift

Kopi til:
Benjamin Stephen Hugo Hicks